



[PRESSEMELDING]

11. september 2009

SKYSS JUSTERER TILBODET I NORDHORDLAND

Lanseringa av Skyss i Nordhordland har vore eit omfattande prosjekt. Det er mykje som har gått etter planen, men det er også delar av tilbodet som ikkje har fungert godt nok. Dette gjer Skyss no ei rekke grep for å rette opp i. Noko har vi tatt tak i allereie, og andre tiltak set vi i verk måndag 14. september.

Sidan lanseringa har Skyss hausta mange erfaringar om det å drive kollektivtrafikk i Nordhordland. Området er utfordrande i og med at det er stort og trafikalt komplisert, men problema har vore større enn det Skyss hadde venta. - Vi har stor forståing for at mange reisande både er frustrerte og sinte fordi dei opplever at dei ikkje klarar å kome seg fram i tide, seier direktør i Skyss Oddmund Sylta.

Utvida rutetilbod

Det er mange reisande som har tatt kontakt med Skyss for å gje tilbakemeldingar og for å få svar på spørsmål dei siste vekene. - Dette er verdifullt for oss, for det er denne typen tilbakemeldingar frå kundane våre som saman med tilbakemeldingar frå sjåførar og operatør er vår viktigaste reiskap til å bli betre.

Mange har etterspurt endringar i ruteopplegget, og dette har Skyss tatt inn over seg. Det er mellom anna sett inn fleire avgangar mellom Bergen og Knarvik. Rutene til Flatøy er forsterka og det er sett inn fleire avgangar til og frå Sævrøy/Fedje.

- Det har også vore ei utfordring at bussane ikkje klarar å halde rutene sine. Derfor er det no lagt inn litt betre marginar, slik at det er betre tid både til køyringa og til å få passasjerar inn og ut av bussane. Det har vidare vore tilfelle der korrespondanseordningar ikkje har fungert, og dette har vi sjølvsagt tatt tak i, seier Sylta.

Billettering og informasjon

Nokre tilbakemeldingar vitnar om at ein del brukarar er usikre på rabattordningar etter overtakinga. Det er viktig å gjere merksam på at sjølv om ein no berre har eitt kort, så er ikkje rabattane som dei reisande er vande med avvikla. Skysskortet er innført som erstatning for alle gamle busskort, men prisane, sonestrukturen og rabattane er dei same som før.

- Vi har fått klager og spørsmål knytt til overgangsordningar mellom bussar med ulike billettsystem. Det kan oppfattast tungvint at det er parallelle system i ein periode, men så lenge reisande viser fram papirkvittering ved overgang er alt i orden.

Skilting av ruteinformasjon på bussar har ikkje fungert som planlagt. Skyss har derfor i samarbeid med Concordia gjennomgått skilta på bussane for å luke ut feil og misvisande informasjon. Resultatet er eit forbetra system for skiltkodar som vert tatt i bruk frå måndag 14. september.

Det er mange reisande som har etterlyst eit samlehefte for Knarvik, og dei får oppfylt ønska sine no. 14. september kjem nemleg eit slikt hefte for strekninga Alver – Knarvik – Frekhaug – Åsane – Bergen. Eit nytt rutehefte for sjølve Nordhordland kjem i november. Fram til den tid vil ikkje det eksisterande heftet vise alle avgangar, og nokre tidspunkt i rutene kan vere endra. Derfor er det viktig at alle brukarar av kollektivtilbodet no sjekkar "sine" ruter for justeringar.

Reisegaranti

Skyss har ei reisegarantiordning som reisande kan nytte. Om bussen er meir enn 20 minuttar for sein, det er Skyss eller operatørselskapet si skuld, og den reisande ikkje får tilbod om alternativ transport, så kan Skyss dekke drosjeutgifter på inntil 400 kroner. For å få slike utgifter refundert må ein sende inn kvittering saman med informasjon om rute, tid og stad til Skyss. Denne ordninga gjeld berre forseinkingar som er vår eller operatørselskapet si skuld. Skyss kan ikkje ta ansvar for problem som oppstår på grunn av tilhøve utanfor vår kontroll, slik som uførutsette trafikkproblem og uver.

- Vi kan ikkje love at alt av utfordringar skal vere løyste etter 14. september, men endringane skal gjere tilbodet meir stabilt for brukarane, seier Sylta.

Det er lagt ut detaljert informasjon om endringane på skyss.no.

For ytterlegare informasjon, kontakt:

- Direktør Oddmund Sylta: 932 30 401
- Marknadssjef Målfrid Vik Sønstabø: 916 53 176

Vedlegg: Faktaark om endringane.